

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 26/2019, 5. JULI

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

SEMESTERSTART HAUSTEN 2019, 20. AUGUST: ISELIN NYBØ HELD OPNINGSTALEN

Kunnskapsminister Iselin Nybø har gitt melding om at ho kjem til opninga av studieåret 2019-2020 på Høgskulen i Volda, og ho vil halde opningstalen for nye studentar. Semesteropninga er tysdag 20. august frå kl 12.00 og opplegget blir nokså likt dei siste åra. På formiddag frå kl 10.00 blir det ei fagleg samling i Store BK der fagfornyninga i skulen står på programmet. Siv M. Gamlem og Arve Fiskerstrand vert innleiarar.

<https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/studiestart>

SEMESTERSTART HAUSTEN 2019 (2): HUSK «PRAKTISK INFORMASJON»

På nettsidene til kvart studium (i studieomtalane) står overskrifta «Praktisk informasjon». Det er kritisk at denne informasjonen er oppdatert og rett og dermed bidreg til at studentane får ein god start på studieåret i Volda. Det er avdelingane som veit best kva som skal stå der og har skriverettar. Etter hovudopptaket i midten av juli veit studentane at dei har fått studieplass og tek til å orientere seg, og då bør praktisk informasjon vere på plass. Sjå også meir detaljert informasjon om dette sendt ut av Ingunn Blindheim torsdag 4. juli.

EU-PROSJEKT I ENTREPRENØRSKAP TIL HVO: KULTURNÆRINGSHAGEN ER OGSÅ MED

Avdeling for samfunnsfag og historie har fått gjennomslag på ein søknad om EU-midlar for å utvikle entreprenørskap i utdanningane. Det er professor Nathalie Homlong som er prosjektleiar og prosjektet har fått ca 300.000 Euro (ca 3 millionar kroner). Samarbeidspartane i prosjektet er åtte institusjonar i fire land: Noreg, Slovenia, Italia og Finland. Sunnmøre Kulturnæringshage er også ein av partnarane i prosjektet.

ETATSTYRINGSBREV: KUNNSKAPSDEPARTEMENTET VIL HA MEIR SAMARBEID MED NÆRINGSLIVET

Høgskulen har fått tilsendt "Etatstyringsbrev" frå Kunnskapsdepartementet. Dette er eit dokument som kjem kvart år og er departementet si viktigaste samla vurdering av verksemda ved høgskulen. Nytt i brevet i år er at departementet i eit eige avsnitt både omtalar den planlagde kunnskapsparken og også er oppteken av auka samarbeid mellom høgskulen og næringslivet: "HVO samarbeider med regionalt arbeidsliv på ulike arenaer, men er i hovudsak begrenset til offentlig sektor. Omfanget bør derfor økes og inkludere næringslivet. HVO oppgir at det er planer om å styrke næringslivssamarbeidet ved å opprette ein kunnskapspark på høyskuleområdet. Departementet forventer at HVO viderefører arbeidet og styrker samarbeidet med næringslivet."

<https://www.hivolda.no/om/styringsdokument>

BYGGEPROSJEKT (1): VOLDA CAMPUS ARENA OG JOPLASSVEGEN

Dei neste to-tre åra blir det mykje bygging på høgskuleområdet og prosjekta fører til store endringar både for tilkomst til høgskuleområdet, parkeringsplassar, varetransport og intern trafikk for gåande og syklende. Først ute blir den store idrettshallen Volda Campus Sparebank1 Arena. Gravinga starta så smått i månadsskiftet juni/juli, og entreprenøren Betonmast tek sikte på å grave ut mesteparten av tomta i juli. Grunnarbeida startar truleg måndag 5. august. Betonmast vil gjerde inne heile området hallen skal byggast på og vil også bygge om "rundkøyringa" ved brua like framfor Berte Kanutte-huset då dette blir snuplass for lastebilar. Så dei første vekene av haustsemesteret misser vi få eller ingen parkeringsplassar og ferdsel i området skal kunne gå nesten som vanleg. Men seinare

vil Jopllassvegen bli graven opp både fordi det skal leggest nye leidningar der og fordi vegen skal flyttast, men det vil då vere på plass ny veg til Berte Kanutte-huset.

BYGGEPROSJEKT (2): "SIVERT AARFLOT-HUSET" OG NYE PARKERINGSPLASSAR

Når arbeidet med det nye mediehuset ("Sivert Aarflot-huset") tek til så misser vi dei ca 100 parkeringsplassane mellom Berte Kanutte-huset og Hans Strøm-huset. Dei blir rett og slett bygd nede. Som kjent er ikkje prosjektet godkjent i regjeringa enno, så det er usikkert når arbeidet startar og når parkeringsplassane blir anleggsområde. Men når det skjer blir det truleg best å køyre inn til høgskuleområdet frå Sjukehusvegen. Statsbygg arbeider for å få på plass alternative parkeringsplassar i staden for dei vi misser. Men også dette delprosjektet må vente på godkjenning frå regjeringa før gravinga kan ta til. Det vil bli laga ein ny veg mellom Lettbygget og Berte Kanutte-huset som dei som skal gå frå Hans Strøm-huset til Berte Kanutte-huset kan bruke. Mest truleg vil også varetransport til Berte Kanutte-huset gå på denne nye vegen.

BYGGEPROSJEKT (3): HANDICAP-PARKERING

Parkeringsplassar reservert for rørslehemma er i dag å finne fleire stader på høgskuleområdet. Blant anna på parkeringsområdet mellom Berte Kanutte-huset og Strøm-huset, og desse vil bli borte når bygginga av mediehuset startar. Alternative plassar for handicap-parkering er på plassen bak Berte Kanutte-huset, mot Synnøve Riste. Det er også slike plassar utanfor Ivar Aasen-huset og Henrik Kaarstad-huset.

MASTERGRAD I VOLDA: FULLT PÅ SAMFUNNSPLANLEGGING OG LEIING - OPE PÅ ANDRE STUDIUM

Mastergraden i Samfunnsplanlegging og leiing har hatt rekordmange søkjarar og har alt stengt opptaket for fleire søkjarar. Det er likevel opning for å ta delar av mastergraden - einskildemne. På fleire andre mastergrader er det framleis råd å søke studieplass for hausten 2019.

<https://www.hivolda.no/nyhende/stenger-opptak-til-populaer-mastergrad>

SYMJEOPPLÆRING I SUNNMØRSBADET I FOSNAVÅG KOMANDE STUDIEÅR

Høgskulen i Volda har inngått avtale med Sunnmørsbadet i Fosnavåg om symjeopplæring for studentar det komande studieåret: Hausten 2019 og våren 2020. Det er studentar på Barnehagelærerutdanninga, grunnskulelærerutdanningane, PPU og på idrett og friluftsliv som får denne undervisninga. I alt har høgskulen leigd bassenget 176 timar og Sunnmørsbadet vart valt etter at høgskulen fekk tilbod frå tre aktuelle symjehallar. Studentane vil bli skyssa med buss til og frå Fosnavåg i grupper på ca 25 studentar, og det er ca 45 minuttis reisetid kvar veg. Bakgrunnen for at høgskulen må ut av Volda for å få gjeve symjeopplæring er at den gamle symjehallen ved høgskulen har vorte stengt på grunn av tryggleiksproblem og vil bli riven.

<http://www.sunnmorsbadet.no/>

NOKRE LEDIGE STUDIEPLASSAR: FØLG MED

Det er rekordmange søkjarar til Høgskulen i Volda, men søkinga på ulike studium er varierende. Seint i juli vert også ledige studieplassar frå Samordna opptak gjort tilgjengeleg. Her finn du ledige studieplassar med løpande opptak:

<https://www.hivolda.no/studium#semester%5B201%5D,201/availability%5B162%5D,162>

BLOGGINNLEGG FRÅ REKTOR: SØRE SUNNMØRE TINGRETT ER VIKTIG OGSÅ FOR HØGSKULEN I VOLDA

Søre Sunnmøre tingrett er viktig både for fagmiljø og administrasjon ved Høgskulen i Volda. Det går fram av eit brev som høgskulen v/ rektor har sendt til Domstolskommisjonen som blant anna arbeider med strukturen for tingrettane i landet. Tingretten er viktig både for medieutdanningane, sosialarbeidarutdanningane, samfunnsplanlegging, grunnskulelærerutdanningane - og andre fag. Les brevet på rektorbloggen:

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/07/01/sore-sunnmore-tingrett-er-viktig-ogsa-for-hogskulen-i-volda/>

PÅMINNING: FORSKINGSGRUPPER BLIR INVITERTE TIL Å SØKE OM SÅKORN MIDLAR: FRISTEN ER 30. AUGUST

Forskningsadministrasjonen har invitert forskingsgrupper og forskingsmiljø til å søke om «såkornmidlar», altså midlar som til dømes å arbeide med søknader om eksterne prosjekt. Det er i alt kr 450.000 tilgjengeleg og søknader bør vere på kr 75.000 eller meir. Søknadsfristen er 30. august og det er Forskningsutvalet som tildeler midlane.

EU-SØKNADER: SEMINAR OM EVALUERING AV SØKNADER PÅ HØGSKULEN I VOLDA 12. AUGUST

EU-nettverk NORDVEST (Møre og Romsdal) og EU-nett Sogn og Fjordane inviterer til seminar på Høgskulen i Volda 12. august. Seminaret skal handle om evaluering av søknader. Fire forskarar med erfaring frå evaluering av andres EU-prosjekt vil dele sine erfaringar og syne korleis dei har brukt denne kunnskapen for å lukkast med eigne søknader. <https://www.hivolda.no/evalueringsworkshop-horisont-2020-soknader>

DOBBELTJUBILEUM 20. JUNI: DH 50 ÅR - HVO 25 ÅR

Høgskulen markerte både 25 år som HVO og 50 år sidan etableringa av Møre og Romsdal Distrikthøgskule Volda på den tradisjonelle sommaravslutninga 20. juni 2019. Blant anna var 10 noverande eller tidlegare rektorar samla i høve jubileet der Gudmund Hernes heldt festtalen. <https://www.hivolda.no/nyhende/markerte-dobbelt-jubileum>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre:

<http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

12.8.2019: Seminar om søknadsevaluering, EU-nettverk NORDVEST og EU-nett Sogn og Fjordane. <https://www.hivolda.no/evalueringsworkshop-horisont-2020-soknader>

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

12.9.2019: Styremøte 4/2019

25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre. <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2019>

18.-29.9.2019: Forskningsdagane 2019. Tema: Miljø.

23.10.2019: Avdelingsseminar ASH

24.-25.10.2019: Styreseminar og styremøte 5/2019

30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret.

<https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

5.12.2019: Styremøte 6/2019

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

Søre Sunnmøre tingrett er viktig - også for Høgskulen i Volda:

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/07/01/sore-sunnmore-tingrett-er-viktig-ogsa-for-hogskulen-i-volda/>

Andre blogginnlegg

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook:<https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram:<https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube:<https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen:<https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg:<https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i

solcelleanlegget:<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-

oppdatering:<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>